

råde via lovendringer, rundskriv, enkeltvise kommentarer og rettsavgjørelser vil kunne puste lettet ut. Arnulf og Gauers kommentarutgave dekker det meste.

Det fremgår av forordet at boka bør være av interesse også for dem som ikke har juridisk bakgrunn. Jeg tror det vil vise seg at boka etterhvert vil få en stor skare av takknemlige lesere og brukere uansett profesjon.

Arnulf, Otto og Gauers, Erik:

Vegloven med kommentarer

Universitetsforlaget A/S

Oslo m.v. 1985 373 sider

Teknologi og politikk

Erling Berge

Historie kan vere instruktivt. Når Vatn tar opp problema med produksjonsvekst og avsetningsvansker i jordbruket i mellomkrigstida får vi nett den kjensla av déjà-vu som kan vere fruktbart for å gi oss perspektiv på og forståing for dei problem vi strever med i dagens landbrukspolitikk. Men Vatn går to steg lenger enn til å skrive interessant historie. Han samanliknar mellomkrigstidas landbrukspolitikk med den i etterkrigstida og han koplar framstillinga til eit teoretisk perspektiv som klart viser at den faglege innsikten i samfunnsforskninga raskt nærmar seg eit stadium der offentleg politikk og styring ikkje berre kan nytte den som legitimering av gitte posisjonar, men vil, trur eg, måtte transformerast slik at innsikten blir ein del av den politiske kulturen.

Den innsikten eg her tenker på går på samanhengen mellom avgjerder tekne av ei mengd uavhengige aktørar og dei vilkår summen av avgjerder skaper for aktørane i neste omgang. Problemstillinga kan enklast illustrerast ved allmenningen der alle har lov å hauste og ingen lov å sette grenser for ressursuttaket til den einskilde. Idet den teknologiske utviklinga fjernar sjukdom og mortalitet hos gjetarar og dyr, vil kvar gjetar kunne nå fram med det som har vore målet heile tida: å få så stor krøtterflokk og så mange barn at han kan leve sorglause på sine gamle dagar og etterlate slekta ei lys framtid. Slik tenkjer alle og dermed er tragedien eit faktum. Overbeiting øydelegg vegetasjonen,

vind og regn øydelegg jorda. Først dør krøttera så gjetarane. Situasjonen er ikkje ukjent t.d. i Afrika. I litteraturen blir dette eksempelet omtala som allmenningens tragedie. Problemstillinga har vore oppdaga i fleire samanhengar og har fått ulike merkelappar. Vatn kallar det fangens dilemma, som er namnet problemet har fått i spelteorien. Det viktige med eksempelet er ikkje å sjå at teknologiske muligheter pluss motivasjon hos eit stort tal aktørar kan komme til å gi verknader som øydelegg eller sterkt endrar på dei rammevilkår aktørane verka innanfor i utgangspunktet. Det er ikkje mykje meir enn å konstatere at det finst grenser for vekst. Det som er viktig å sjå er at med ei form for styring eller kollektiv regulering av handlefriheten til aktørane, kan dei unngå tragedien. Dermed er det dei kollektivt skapte reguleringsmekanismene, institusjonane, og -krefte som formar desse som blir interessante. Politikk og det administrative systemet kjem i fokus.

Vatn tar opp samspelet mellom ny teknologi som drivkraft for auka produksjon og produktivitet og institusjonelle endringar som svar på dei problem dette skaper. Kven som nyt mest godt av goda skapt gjennom ny teknologi er avhengig av korleis dei institusjonelle reguleringsmekanismene blir utforma. Dei viktige aktørane i dette spelet er staten og dei faglege organisasjonane i jordbruket – Norges Bondelag og Norske Bonde- og Småbrukarlag. Men aktørane kan ikkje enkelt følge ein interessemaksimeringsstrategi dels fordi dei ikkje har klart artikulerte interesser og dels fordi den allmenne kulturen legg ideologiske føringar på aktivitetane deira i form av oppfatningar om kva som er rett og rimeleg, viktig og verdifullt.

Dei endringane som blir gjort i institusjonane er likevel heile tida av ein slik karakter at dei kan sjåast som steg mot ei løysing av dei problem som er skapt av marknadsgrensene. Den teoretiske forståinga har kanskje ikkje vore til stades hos mange av deltakarane i spelet om dei institusjonelle endringane. Men logikken i ein endeleg marknad anten grensene er sett av tilgangen på jord eller magemålet til ei befolkning viser seg tvingande. Dersom bønderne ønskjer dei goda som teknologien gir i form av lettare

arbeid og auka produksjon må dei òg akseptere ei stendig sterkare kollektiv styring av arbeidet sitt. Fridom i ein allmenning ruiner alle.

Det er ei innsiktsfull bok Vatn har skrive. Om jordbrukspolitikarar les den og tar den til seg, ville mange stridsspørsmål kunne leggest til sides, men ikkje alle. For meg som samfunnsforskar utan spesiell kjennskap til den landbruksøkonomiske forskninga er det *ein* mangel som verkar slåande i eit slikt verk: det totale fråveret av den regionale dimensjonen i problemet. Om dette er typisk kan kanskje andre dømmе betre. Men kanskje nettopp i eit slikt problem som det Vatn tar opp ville det ligge nært å diskutere korleis skilnader i naturgrunnlag stiller ulike krav til teknologien og korleis innføringa av den valte teknologien har vridt konkurransen mellom ulike landsdelar. Problemet med å utvikle t.d. traktorar for brattlendt terreng synest aldri å ha vore diskutert på alvor her i landet. Først i fjor kom det i gang ein viss import frå Østerrike. Sjølv om den valte strategien ikkje har vore diskutert har den hatt viktige konsekvensar i retning av å styrke dei sentrale storbønderne på flatbygdene. Det resultatet er kanskje det ein ville ønskt om ein hadde diskutert problemet? Ikkje veit eg, og inkje seier Vatn. Han nemner ikkje eingong problemet som noko han kunne tenkt seg å seie noko om dersom tid og sidetal ikkje sette stengsler for det. Her ligg det forskningsoppgåver og ventar.

Vatn, Arild:

Teknologi og politikk

Om framveksten av viktige styringstiltak i norsk jordbruk 1920–1980.

393 s. ISBN 82-529-1074-2.

Landbruksforlaget, Oslo 1984

Rett og rettssal

Harald Holtan

På Aschehougs forlag kom det ut ei ruvande bok i 1984: Eit festskrift til høgsterettsjustitarius Rolv Ryssdal, som forlet sitt høge embete ved nådd aldersgrense.

Boka er redigert av eit arbeidsutval på tre høgsterettsdommarar med Hans M. Michelsen som formann. I tillegg til at dei sjølve har

skrive artikler, så har dei klart å fylle boka med artiklar av eit imponerende antal skarpskodde forfattarar og eit mangslungent emneval. Noko anna var vel heller ikkje å vente, når dette skulle vera eit festskrift til ein toppfagmann, som i ei årrekkje har stått i spissen for høgste domstolen i riket. Men nett dette kan kanskje få nokon til å tenkje som så at denne boka helst berre vil få sin lesekrins av folk som alt frå før står i første rekkje i fagleg kunnskap og innsikt på det juridiske felt. Det er det ikkje nokon grunn til å tru. Desse forfattarane har alle ei stor røynsle i å skrive så klart og lettfatteleg at folk flest skal forstå kva dei har på hjarta – og slik er det også gjort i denne boka.

Det er stor spennvidde i stoffet mellom permanente. Og det er umogleg å nemne alt – og gjera rett og skjel til alle. Men av stoff som truleg vil vera av spesiell interesse for lesarane av Kart og Plan er det og så mykje å velja i, at også eit slikt utval vil bli for stor oppgåve for ein anmeldar.

Først er det kanskje naturleg for ein jordskiftar å nemne «Trekking av utviklingen av jordskifterettens juridiske kompetanse», av professor Austenå. Ein artikkel som i høgste grad er aktuell. Her har eg spesielt lagt merke til avslutningsorda: «Det faktum at man utvider jordskifterettens juridiske kompetanse og samtidig gjør dens samme retten til et sentralt ledd og virkemiddel i landbrukspolitikken, er ikke uten prinsipielle betenkeligheter.» Dette er eit varsku i rett tid. Men for eigen del vil eg seie at eg ser mindre fare i sjølve loven (den nye jordskifteloven)– og eg tenkjer da særlig på §20, 3. ledd og §32, siste punktum, og i mindre grad på §2 bokstav f – enn den fare som kan ramme sjølve jordskiftedomstolens uavhengighet og integritet i kjølvatnet av den nye etatsleiinga som nå er komen i fylka. Men her får vi setja vår lit til at i første rekkje Landbruksdepartementet vil vise klokskap og måtehold i den måten dei leier etaten på, slik at ikkje jordskiftedomstolen kjem i vanry – til stor og uboteleg skade for domstolen sjølv, samfunnet og partane i dei konkrete sakene. Det er – etter mitt syn – ei soleklar plikt for alle skjønnsrettar å orientere seg i det mangfald av lover, reglar og instanser m.v. som verkar i det aktuelle område for den konkrete saka. Bindande